



Anita Henanger
Leitet 7 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7956 - 20/36492

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kom
mune.no

Dato:
16.06.2020

Avslag på søknad om redusert gebyr - gbnr 134/295 Hilland

Administrativt vedtak: **Saknr:** 621/20
Tiltakshavar: Thomas Gudmundsen
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak [med ansvarsrett]

VEDTAK:

Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for Alver kommune, føresegn 4.10, vert det ikkje gjeve løyve til redusert gebyr fakturert for søknad om byggeløyve.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld klage på fakturert gebyr for handsaming av søknad om løyve til oppføring av garasje. Byggeløyve vart gjeve i vedtak datert 11.5.2020, i sak 485/20.

Det vert elles vist til klage på gebyr motteke av kommunen den 10.6.2020.

Vurdering:

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå.

Det er ikkje klaga over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå.

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for Alver kommune (gebyrregulativet), opnar for at det kan søkjast om redusert gebyr, jf. regulativet pkt 4.10. Fristen for å søkje er 3 veker etter at fakture er motteke.

Faktura for handsaming av byggesøknad vart sendt til tiltakshavar den 8.6.2020. Det vart klaga på fakturaen den 10.6.2020. Administrasjonen finn difor grunnlag for å vurdere klaga som ein søknad om redusert gebyr etter gebyrregulativet pkt 4.10. For at det skal vere grunnlag for å redusere eller frafalle gebyret, må det liggje føre særlege grunnar for det.

Plan- og bygningslova (pbl) § 33-1 gir kommunen grunnlag for å krevje gebyr for handsaming av byggesøknad. Det skal illeggast gebyr i samsvar med lova sine føresegner.

Byggesaksforskrifta (SAK10) § 7-6 legg til grunn at gebyr for handsaming av byggesøknadar vert redusert eller fell vekk dersom kommunen ikkje handsamar søknaden i tide etter pbl § 21-7 første og fjerde ledd.

Pbl § 21-7 første ledd gjeld for søknadar som har 12 vekers sakshandsamingsfrist. Pbl § 21-7 fjerde ledd gjeld for søknadar som krev dispensasjon og som dermed også har 12 vekers sakshandsamingsfrist.

Søknadar med 3 vekers sakshandsamingsfrist gir dermed ikkje grunnlag for å redusere eller frafalle sakshandsamingsgebyr, med mindre kommunen brukar meir enn 12 veker på å handsame søknaden, jf. pbl § 21-7 andre ledd, jf. første ledd.

På bakgrunn av det ovannemnde er det ikkje grunnlag for å redusere eller frafalle gebyr fakturert for handsaming av denne byggesøknaden, jf. gebyrregulativet pkt 4.10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7956

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anita Henanger
Thomas Gudmundsen

Leitet 7 A
Leitet 7 A

5911 ALVERSUND
5911 ALVERSUND